



/// Rusmiddelpolitisk handlingsplan

Innhald

1	Kvifor ein rusmiddelpolitisk handlingsplan	3
1.1	Føremål.....	3
1.2	Kva er ein rusmiddelpolitisk handlingsplan.....	3
1.3	Ulike interesser og skjeringspunkt	4
1.4	Arbeidet med rusmiddelpolitisk handlingsplan	4
2	Omtale og vurdering av rusmiddelsituasjonen	4
2.1.	Rusmiddelsituasjonen i Noreg – nasjonale føringar.....	4
	Ein heilskapleg alkoholpolitikk	5
2.2.	Rusmiddelsituasjonen i kommunen	6
	Omtale av rusmiddelsituasjonen i Sogndal kommune	6
	Samandrag rusmiddelsituasjonen i Sogndal kommune.....	9
2.3	Kommunen sine plikter etter Alkohollova.....	9
	Sal- og skjenkeløyve	10
	Omsetningstal frå verksemdene.....	10
	Retningslinjer for sals- og skjenkeløyve og reglar for sals- og skjenketider	10
	Salsløyve med salstider	10
	Skjenkeløyve	11
	Skjenketider	13
	Gebyrinntekter.....	13
	Kontroll av skjenke – og salsstader	13
	Inndraging av sals- og skjenkeløyve.....	14
	Rapportering.....	14
3	Rusmiddelpolitiske mål, strategiar og tiltak.....	14
4.	Rullering av planen.....	15

1 Kvifor ein rusmiddelpolitisk handlingsplan

1.1 Føremål

Føremålet med rusmiddelpolitisk handlingsplan er at den skal vere eit styringsdokument for kommunen i dei kommande åra i arbeidet med å førebyggje rusrelaterte helsemessige - og sosiale problem. Etter alkohollova § 1-7d skal kommunen utarbeide alkoholpolitisk handlingsplan som gir retningslinjer for tildeling av sals- og skjenkjebeviljingar. Alkohollova sitt utgangspunkt er at all bruk av alkohol kan medføre skade både samfunnsmessig og individuelt. Utgangspunktet er vidare at aukande forbruk av alkohol gir aukande skadeverknadar. Lova skal medverke til å sikre at skadeverknadane av alkoholbruk blir så små som mogeleg - dels ved å begrense tilgjengelegheiter, dels ved at omsetningsformene er tryggande.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan er eit planverktøy og bør ta i vare heilskapen av dei oppgåver som kommunen har i rusfeltet. Dei rusførebyggjande satsingane i planen vil vere ein del av i folkehelseplanlegginga. I rundskriv til alkohollova er det tilrådd at kommunen sin alkoholpolitiske handlingsplan blir utarbeida som del av ein heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan.

1.2 Kva er ein rusmiddelpolitisk handlingsplan

Helsedirektoratet har utgitt ein rettleiar for rusmiddelpolitisk handlingsplan, og den seier at det rusførebyggjande arbeidet i kommunane er avgjerande for å nå nasjonale mål om reduksjon av sosiale og helsemessige skader ved rusmiddelbruk. Mangelfulle eller dårleg målretta førebyggingstiltak fører til auka behov for oppfølging og rehabilitering av rusmiddelmissbrukarar.

Kommunen sine lokale føresegn og regulering av sals- og skjenkereglar er eit av dei viktigaste verkemidla for å avgrense alkoholrelaterte skader. Rusmiddelpolitisk handlingsplan er ein kommunal delplan som har til hensikt å samordne kommunen sin rusmiddelpolitikk og satsingsområde. Planen skal vere eit fleirsektorielt reiskap der ulike interesser vert synlege.

Etter alkohollova § 1-7d er kommunen pålagt å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Ei rekke andre lover pålegg også kommunen å løyse oppgåver på "rusmiddelfeltet". Ut frå lovene sine intensjonar og kommunen sine egne behov, bør kommunen føre ein heilskapleg politikk ved å sjå løyveordningar og anna førebygging i samheng med arbeidet på rehabiliteringsområdet.

Kommunane har ansvar for å utforme ein lokalt tilpassa alkoholpolitikk, særleg gjennom handsaming av løyvesøknader, rettleiing av sals- og skjenkebransjane, fastsetting av sals- og skjenketider, kontrollar og sanksjonar. Rundskriv til alkohollova peikar på kommunen si plikt til å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Lova gir ingen direkte visningar om kva planen skal innehalde, men dei alkoholpolitiske hovudmåla og delmåla kommunen legg til grunn for sin alkoholpolitikk, samt dei verkemidla som ein vil ta i bruk for å nå desse måla bør komme fram. Til dømes kan verkemidlar som tak på tal sals- og skjenkestader, opningstider og kontrolltiltak nedfellast som retningslinjer i planen. Planen bør handsamast i kvar kommunestyreperiode.

1.3 Ulike interesser og skjeringspunkt

Noko av utfordringa for kommunane er at alkohollovgjevinga er i skjeringspunktet mellom ulike omsyn. Det oppstår fort ei spenning mellom behovet for å regulere tilgangen på alkohol og næringsinteresser. Ein realistisk rusmiddelpolitisk handlingsplan vil difor i stor grad verte eit kompromiss mellom desse ulike interessene.

Tidlegare Balestrand kommune har i sin plan peika på at dette kanskje vil spesielt gjelde i ein turiststad som Balestrand. Utfordringa for kommunen vil ligge i det å utforme ein politikk som tek omsyn til dei ulike sidene i desse interessekonfliktane. Tidlegare Leikanger kommune peika på førebyggjande tiltak som skal avgrense tilgang til rusmiddel, samt dei tiltak som skal redusere etterspurnad etter rusmiddel. For Leikanger var dette regulering av sal og skjenketider, sal og skjenkekontrollar, gode oppvekstvilkår og rusfrie arenaer. Gamle Sogndal kommune la til grunn at dei i løyveperioden skulle leggja til grunn alkohollova sitt føremål om å avgrensa skader som skuldast alkoholbruk og redusera forbruket av alkohol. Samstundes som at kommunen skal vera ein attraktiv kommune å bu i. Kommunen skal leggja til rette for utvikling av infrastruktur og vera ein samarbeidspartnar for å utvikla eit variert, konkurransedyktig og berekraftig næringsliv. Til sist skal kommunen leggja vekt på livskvalitet og trivsel i utviklinga av eit trygt og berekraftig lokalsamfunn.

1.4 Arbeidet med rusmiddelpolitisk handlingsplan

Ein rusmiddelpolitisk handlingsplan for Sogndal kommune bør være konkret og tydeleg slik at den blir eit godt verktøy for dei som skal arbeide med å utforme tenester for førebygging og behandling samt for sakshandsaming av tildeling av nye og fornying av sal- og skjenkeløyve og kontroll av sal- og skjenkestader. Den aktuelle situasjonen i Sogndal kommune bør komme fram og vere utgangspunkt for mål, strategiar og tiltak. KoRus (kompetansesenter på rusfeltet) viser til brukarmedverknad i planarbeidet.

Dei ulike tenesteområda i kommunen og lokale ressursar i rusfeltet vart kontakta med oppmoding om å bidra med innspel for status og viktige satsingsområde. Det kom innspel frå teneste for psykisk helse og rus, politiet og Rusettervernet i Sogn og Fjordane ved Etterverngruppa i Sogndal. Desse har vore viktige bidragsytarar til planarbeidet.

Det har ikkje vore oppretta ei arbeidsgruppe i samband med arbeidet med denne rusmiddelpolitiske handlingsplanen. Dette er noko som er tilrådd og kommunen bør i god tid før neste planperiode utpeike ei tverrfagleg arbeidsgruppe med deltakarar frå mellom anna tenesteområde rus- og psykisk helse, helsestasjon, skule, politiet og brukarrepresentant. Prosessen med rusmiddelpolitisk handlingsplan er eit møte mellom ulike aktørar og rollar. Det vil vere ei viktig oppgåve i planprosessen å synleggjere kompleksiteten og få fram respekt for kvarandre sine rollar. Det vil såleis vere naturleg å involvere næringslivet i planarbeidet.

2 Omtale og vurdering av rusmiddelsituasjonen

2.1. Rusmiddelsituasjonen i Noreg – nasjonale føringar

Regjeringa har fremja ein opptrappingsplan for rusfeltet som gir oversikt over hovudutfordringane og legg fast både kortsiktige og langsiktige strategiar for å møte

desse. Rus- og psykisk helsefeltet er eit satsingsområde for regjeringa, og det er allereie sett i verk omfattande satsingar. Desse områda har tidlegare ikkje fått den merksemda og prioriteringa som utfordringane på området tilseier.

Planen er i hovudsak retta mot personar som er i ferd med å utvikle (tidleg innsats), eller allereie har etablert eit rusproblem. For å lykkast med å gi personar med rusproblem eit betre tilbod, er det naudsynt med gode tenester i brukarane sitt nærmiljø. Det er behov for å sjå nærmare på innsatsen etter behandling og skape moglegheiter for meistring, som meningsfulle aktivitetar og fritid eller sørge for en stabil og god bustad. Hovudinnsatsen i planen rettast difor mot kommunesektoren der utfordringane er størst.

I januar 2020 ble *Opptrappingsplan for barn og unges psykiske helse (2019–2024)* handsama i Stortinget. Planen inneheld både helsefremmande, førebyggjande og behandlingsretta tiltak. Born og unge si psykiske helse blir i stor grad skapt på andre arenaer enn i helsetenesta, og fleire sektorar skal difor bidra til å styrke den helsefremmande og førebyggjande innsatsen. Innsatsen må rettast inn mot dei arenaene der born og unge oppheld seg både fysisk og digitalt. Det er også forslag om ei utvida pilotering av FACT ung – oppsøkande og tverrfagleg hjelp til unge med samansette behov, samt ei styrking av helsesatsinga i barnevernet. Det er oppretta tilskotsordning for «rask psykisk helsehjelp». Regjeringa har innført pakkeforløp for rus og psykisk helse. Kvalitet og innhald i tenestene skal prioriterast, inkludert styrka brukarmedverknad, oppdatere retningslinjer og auke kunnskap om variasjon og utfall av behandling gjennom utvikling av kvalitetsregistre og helseatlas.

Årsrapporten for BrukerPlan 2019 viser forverring av den psykiske helsa til personar med rusproblem. Det er framleis ein stor del mottakarar som scorar dårleg på meningsfull aktivitet. Nær ein tredjedel av mottakarar med rusproblem er i svært lite eller ingen form for meningsfull aktivitet. Brukarane etterlyser meir involvering av, og støtte til pårørande, hjelp til jobb og utdanning og meir hjelp til fysisk trening, ernæring og kosthald.

Ein ny rapport frå Høgskulen på Vestlandet viser at erfaringskonsulentar med ruserfaring gradvis har fått eit breiare spekter av oppgåver og roller. Dei blir meir aksepterte som viktige bidragsytarar. Erfaringskonsulentane er komne for å bli, men for at desse viktige arbeidstakarane skal oppleve trygghet og meistring i si rolle, må arbeidsgivarar og andre fagtilsette forstå kva slags behov og utfordringar dei har.

Ein heilskapleg alkoholpolitikk

Omfanget av alkoholrelaterte problem og skadar aukar med det totale forbruket av alkohol i samfunnet. At problema aukar med totalkonsumet veit vi med stor sikkerheit gjennom forskning. Den viser også at avgrensing på allmenn tilgjengelegheit har positiv effekt på totalforbruk og skadeomfang. Difor er norsk alkoholpolitikk basert på regulatoriske verkemidlar som avgrensar den generelle tilgangen gjennom bevillingssystemet, vinmonopolordninga, reklameforbodet, aldersgrenser og avgifter.

Norsk alkoholpolitikk er ein folkehelsepolitikk og handlar om å førebygge breitt. Løyve til å selje eller skjenke alkohol til forbrukar er ikkje ein rettighet. Dette gjeld sjølv om alle vilkår i lova er oppfylt. Det er opp til kommunen sitt skjønns å avgjere om ein skal gi løyve eller ikkje. Folkehelselova legg opp til at kommunane skal “*tenke*

helse i alt dei gjer". Dette betyr at ein forsvarleg alkoholpolitikk bør innlemmast i planlegging og drift i alle kommunen sine sektorar.

Løyvesystemet er samla sett eit av dei viktigaste verkemidla i norsk alkoholpolitikk. Alkohollova gir kommunen stor fridom, men også stort ansvar når det gjeld å avgjere eigen alkoholpolitikk. Løyve til å selje eller skjenke alkohol til forbrukar er ikkje ein rettigheit. Dette gjeld sjølv om alle vilkår i lova er oppfylt. Det vil alltid vere opp til kommunen sine retningslinjer og skjønn om kommunen skal gje løyve.

2.2. Rusmiddelsituasjonen i kommunen

Omtale av rusmiddelsituasjonen i Sogndal kommune

Ein viktig føresetnad for å redusere rusmiddelbruk og rusmiddelrelaterte skadar, er at kommunen kjenner rusmiddelsituasjonen godt. Sogndal kommune har ikkje delteke i kartleggingsundersøkingar som til dømes BrukerPlan, og ein har såleis ikkje kartleggingsresultat å vise til.

Bidragstytarane til planen har sendt inn kort status og råd for vidare arbeid innanfor rusfeltet. Dette er viktig og naudsynt medverknad for å få ein oversikt over den reelle situasjonen i Sogndal kommune.

Oppretta teneste for psykisk helse- og rus, og helsestasjon organisert under tenesteområde oppvekst

Samanslåinga av tre kommunar har vore krevjande, særleg i lys av at ein også har måtte handtere ein pandemi. Likevel har Sogndal kommune i denne perioden klart å etablere eit eige tenesteområde for feltet psykisk helse- og rus med eigen tenesteleiar. I tråd med nasjonale føringar vil dette bidra til at dette fagområdet får den merksemda og prioriteringa som utfordringane på området tilseier.

Sogndal kommune har organisert helsestasjonstenesta under tenesteområde for oppvekst. Dette styrkar samarbeidet for born og unge. Helsesjukepleiar oppheld seg til faste tider på skulane som er ein innsats på ein av arenaene der born og unge oppheld seg slik nasjonale føringar påpeikar.

Rusmiddelsituasjonen i Sogndal kommune ut frå tilbakemeldingar frå Psykisk helse- og rustenesta, politiet og brukarar

Auka forbruk hjå unge

Tilbakemeldingar frå rustenesta er at tenesta ser ein auke i personar med rusmiddelproblem. Ein ser ein auke i både illegale rusmiddel og auka alkoholmisbruk. Det er fleire personar som tek kontakt med tenesta og ønskjer oppfølging og hjelp. Både politiet og Ettervernsgruppa i Sogndal peikar også på auka forbruk av rusmidlar og særskilt hjå unge. Covid-19 pandemien og lite sosialisering kan ha ført til eit meirforbruk av rusmiddel. Ringverknadar av pandemien vil heilt sikkert bli meir synlege framover. Kommunen må vere budd på at behov for oppfølging og hjelp kan auke.

Politiet har observert at det er ein haldningsendring blant ungdom, særleg når det gjeld haldningar til enkelte narkotiske stoff. Dei har over tid observert at det er lite eller ingen kunnskap om skadeverknader av narkotikabruk. Nokre ungdommar er ukritiske til bruk av rusmidlar og eksperimenterer med til dels farlege stoff. Politiet ser

også framleis problem med langing av alkohol til mindreårige. Både at foreldre kjøper alkohol til barna eller at andre vaksne kjøper alkohol til barn. Politiet føreslår eit samarbeid med Vinmonopolet lokalt for å betre rutinar for avdekking av langing.

Teneste for psykisk helse og rus opplyser at kommunen har oppretta SLT-team (samordning av lokale rus og kriminalitetsførebyggande tiltak) som er samansett av representantar frå ungdomsavdelinga, politiet, barnevern, helsesjukepleiar, rustenesta, Sogndal vidaregåande skule, NAV – flyktningtenesta, rektorane ved skulane med ungdomstrinn og kommunepsykolog. SLT-modellen skal samordne rus og kriminalitetsførebyggande tiltak for barn og unge. Målet er at barn og unge i kommunen skal få rett hjelp til rett tid, av eit hjelpeapparat som samarbeider godt på tvers av etatar og faggrupper. Politiet ønskjer også tydelege rammer og samarbeid ved avviking av større arrangement i kommunen. Politivedtektene i kommunen bør reviderast ved jamne mellomrom og ta høgde for eventuelle endringar i lova, samt lokale omsyn. Spesielt viktig at politivedtektene blir revidert slik at den speilar heile den nye kommunen.

Forslag til prosjekt for ungdom i ungdomsskule

Kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal har hatt informasjonskampanjar, men status i dag viser at informasjonskampanjar ikkje verkar åleine. Forsking viser at opplysningskampanjar åleine har liten verknad, men at prosjekt med involvering over tid kan medføre haldningsendring. Politiet ynskjer å sjå på moglegheitene for å etablere eit motivasjonsprogram for ungdom på ungdomstrinnet i Sogndal kommune. Politiet trekker fram døme med ein klassekontrakt med mål om å utsetje debutalderen for rusbruk. Det må då vere ei påskjøning i andre enden. Til dømes subsidiert skuletur i 10.klasse. Ved at ein skuleklasse har eit felles mål og har eit tydeleg standpunkt ovanfor alkohol og annan rus, så vil det gjere det vanskelegare å bryte reglane i gruppa. Prosjektet bør vere eit samarbeid som involverer elevar, skule/lærarar og foreldre.

Kompetanse og kapasitet

Rustenesta peikar på at Sogndal kommune framleis bør ha som mål å auke kompetanse og kapasitet i rustenesta. Etterverngruppa viser til at det er svært viktig med personlege eigenskapar ved tilsetjing av personar som skal jobbe i rusfeltet. Dette gjeld spesielt eigenskapar som å lytte og respekt. Dette kan jamførast med det som i nasjonale føringar vert kalla relasjonskompetanse. Etterverngruppa kom også med forslag om at dei kan vere delaktige i informasjonsarbeid til ungdom og ved deltaking på fagdagar.

Målretta innsats for personar med utfordringar med rus

Politiet ønskjer at Sogndal kommune har ein tydeleg og målretta innsats for personar med utfordringar med rus. Dette med mål om god oppfølging gjennom individuell tilpassa behandlingsplan. I denne samanhengen må ein sjå på bustadsituasjon, jobbtillbod, rett helsehjelp og tett oppfølging.

Bustad- aukande behov

Teneste for psykisk helse og rus har meldt inn at det vil og vere viktig å tilgang på bustad til vanskelegstilte. Sogndal skal i løpet av hausten 2021 etablere ei gruppe som skal kartlegge behov for bustadar innanfor rus og psykisk helse.

Rask psykisk helsehjelp

Ettervernsgruppa etterlyser lågterskel tilbod for å oppsøke hjelp når nokon treng dette. Sogndal kommune er i gang med å etablere Rask psykisk helsehjelp (RPH). RPH er eit lågterskeltilbod til personar over 16 år med ulike utfordringar og deriblant byrjande rusmiddelproblem. Eit av hovudmåla i regjeringa sin opptrappingsplan er at ein skal sikre at personar som står i fare for å utvikle eit rusproblem skal fangast opp tidleg og hjelpast. Dette krev ei tilgjengeleg, heilskapleg og variert teneste. Etablering av RPH gi ei meir tilgjengeleg teneste med større variasjon.

Pårørande

For etablerte rusavhengige, ønskjer Ettervernsgruppa også ei «grøn linje» med låg terskel for kontakt for pårørande. Dei tipsar om å opprette eit samarbeid med LPP (Landsforeningen for Pårørande innen Psykisk helse) og deira «Møteplass», noko som har vore ein suksess på Nordfjordeid. «Møteplass» for helsefremjande dialog er ein arena for eit likeverdig møte og gjensidig læring mellom pårørande og fagfolk, der pårørande sin situasjon er i sentrum.

Aktivitetstilbod

Ettervernsgruppa har informasjon om at det er ein del personar som treng å komme seg ut. Vidare har personar meldt inn at dei har behov for å få prata, og då gjerne samtidig som ein trenar og/eller går tur. Kommunen vil etablere aktivitetstilbod og RPH.

Kommunen har søkt Statsforvaltaren i Vestland om tilskot til kommunalt rusarbeid og fått midlar til stilling knytt til aktivitetstilbod. Det skal opprettast eit aktivitetstilbod til personar med utfordringar med rus og/eller psykisk uhelse. Tilbodet skal utviklast og etablerast saman med brukarar. Brukarmedverknad skal stå sterkt. Det nye aktivitetstilbodet støttar opp under eit av hovudmåla i opptrappingsplanen. Alle skal ha ein aktiv og meningsfull kvardag. Erfaringar viser og at det er behov og ynskje om tilbod i grupper med fokus på fysisk aktivitet/samtale. Dette kan gi samhøyrighet og fellesskap.

Informasjon- kommunen si heimeside

Ettervernsgruppa gir Sogndal kommune positive tilbakemeldingar på kommunen si heimeside. Dei meiner denne er ei av dei betre i fylket på konkret og brukbar informasjon. Men dei tipsar om at sida også kan lenkast til frivillige relevante regionale aktørar som Rusettervernet, og nasjonale som Blå Kors eller tilsvarande behov for samtale/ å prate. LPP har og ein nasjonal rådgjevingstelefon for pårørande som det bør visast til på Sogndal kommune si heimeside

Gode tenester

Ettervernsgruppa meiner at for det etablerte rusmiljøet så har kommunen lenge stilt seg til rådigheit og vore på tilbodssida. Når det gjeld plikter og reglar i lovverket er brukarane trygge på tenestene dei har krav på og kva hjelp som ligg der om dei ønskjer endring. Ettervernsgruppa meiner det vil vere ein fordel med eit FACT-team som kan lettare samkøyre hjelpetilbod og skape ei meir samla eining. Det har tidlegare vore vurdert å etablere eit interkommunalt Fact-team. Dette må ev. vurderast på ny.

Sal- og skjenkeløyve

Politiet ønskjer tett samarbeid med kommunen om skjenkesaker, både under sakshandsaming og undervegs i løyveperioden. Dei peikar på behovet for fornuftig skjenkepolitikk med tydeleg og konkret oppfølging av verksemder med skjenkeløyve.

Retningslinjer for handsaming av sal- og skjenkeløyve bør inn i rusmiddelpolitisk handlingsplan. Det bør vurderast å opprette retningslinjer for oppfølging etter kontrollar.

Samandrag rusmiddelsituasjonen i Sogndal kommune

Sogndal kommune har oppretta ei eiga teneste for psykisk helse og rus. Dette vil, i tråd med nasjonale føringar, bidra til at dette fagområdet får den merkemda og prioriteringa som utfordringane på området tilseier. Ein vil ha satsing på førebygging, tidleg innsats og betre behandling. Tilbakemelding frå brukarane er at Sogndal kommune har gode tenester til dei som har utfordringar med rus og psykisk helse.

Det skal opprettast eit aktivitetstilbod til denne gruppa, og kommune er i gang med å etablere eit lågterskeltilbod, RPH. Sogndal kommune si heimeside får positive tilbakemeldingar på konkret og god informasjon. Kommunen bør og ha merksemd på låg terskel for kontakt for pårørande, og dette kan lenkast på heimesida.

Kommunen opplever ein negativ haldningsendring blant ungdom, og det er ukritisk bruk av rusmidlar og til dels farlege stoff. Politiet ser også framleis problem med langing av alkohol til mindreårige. Kommunen har eit auka forbruk av rusmidlar og spesielt blant unge, og ringverknadar av covid-19 pandemien kan bli meir synlege framover. Kommunen må vere budd på at behovet for oppfølging og hjelp kan auke.

Regjeringa vektlegg at kvalitet og innhald i tenestene inkludert brukarmedverknad skal prioriterast, og Sogndal kommune bør framleis ha som mål å auke kompetanse i rustenesta men og i alle sektorar og hjå innbyggjarane, særleg hjå ungdomen.

Sogndal kommune skal i løpet av hausten 2021 etablere ei gruppe som skal kartlegge behov for bustadar innanfor rus og psykisk helse.

Politiet ynskjer tett samarbeid med kommunen i skjenkesaker, både under sakshandsaming og undervegs i løyveperioden.

Sogndal kommune er på god og rett veg opp i mot nasjonal opptrappingsplan for rusfeltet. Men ein ser til dels store utfordringar blant ungdom. Kommunen må vidare ha særskilt merksemd på barn, unge og unge vaksne. Tidleg innsats, lett tilgjengelegheit og tverrfagleg innsats blir viktig.

2.3 Kommunen sine plikter etter Alkoholova

Alkoholova sitt utgangspunkt er at all bruk av alkohol kan medføre skade - både samfunnsmessig og individuelt. Utgangspunktet er vidare at aukande forbruk av alkohol gir aukande skadeverknadar. Lova skal bidra til å sikre at skadeverknadane av alkoholbruk blir så små som mogleg - dels ved å avgrense tilgjengelegheit, dels ved at omsetningsformene er blitt gjennomført på ein trygg måte. I følgje alkoholforskrifta § 2-1 skal *salg og skjenking av alkoholholdig drikk foregå på en slik måte at skadevirkningene begrenses og alkoholpolitiske og sosiale hensyn ivaretas.*

Løyvesystemet regulerer tilgjengelegheita av alkohol ved å avgjere kvar og når det kan seljast og skjenkast alkohol og kven som kan drive med slik verksemd. Systemet regulerer også sanksjonane ved brot på reglane. Løyve til sal og skjenking av alkoholholdig drikk tildelast av kommunen, med mindre det gjeld statleg skjenkebevilling etter alkohollova kapittel 5.

Sal- og skjenkeløyve

Sogndal kommune har til saman per mai 2021 47 sal- og skjenkeløyve, jf. vedlegg 1 og 2.

Omsetningstal frå verksemdene

Siste tal på omsetningstal frå verksemdene er tal frå 2019, og er innhenta frå dei tre tidlegare kommunane. Det å berre sjå på omsetjing av alkohol i dei tre kommunane, gjev ikkje noko fullstendig bilete av alkoholkonsumet i kommunen. I tillegg kjem alkohol kjøpt andre stader, eigenproduksjon og illegal omsetning av alkohol. I Norge reknar ein med at uregistrert forbruk utgjer omlag 25-30 % av totalforbruket.

Samanlikna med 2014 har Leikanger ein liten auke medan Sogndal og Balestrand har ein liten nedgang i omsetning av alkohol. Dette er omsetningstal utanom vinmonopolet som har ein auke i omsetnad frå 2014. For ytterlegare informasjon sjå vedlegg 3 *oversikt omsetningstal*.

Retningslinjer for sals- og skjenkeløyve og reglar for sals- og skjenketider

Salsløyve med salstider

SALSLØYVE	Salstider
1 Vinmonopolutsal	Kvardagar: 08.30 – 18.00 Laurdagar og dagar før heilagdagar (unnateke Kristi Himmelfartsdag), jf. alkoholloven § 3-4 første ledd: 08.30 - 15.00
Om det vert gjort lovleg, tillata direkte sal av eigenproduserte drikkevarer som eplevin, pærevin, mjød og vin framstilt av gjæring av frukt/bærsaft.	
Salsløyve for alkohol opptil 4,7 volumprosent: Løyve til sal av øl og rusbrus opp til 4,7 volumprosent alkohol er avgrensa til daglegvarebutikkar . Det kan ikkje gjevast løyve til sal av øl og rusbrus til bensinstasjonar og kioskar, jf. forskrift t i l	Salstida for øl og rusbrus opp til 4,7 volumprosent alkohol vert frå Kl. 08.00 – 20.00 på kvardagar Kl. 08.00 – 18.00 på laurdagar og dagar før helgedagar

alkohollova § 3 - 4.

Skjenkeløyve

SKJENKELØYVE	
Type løyve	Type verksemd/vurderingskriterium
Generelt løyve for servering av brennevin, vin og øl	-Hotell -Restaurantar og andre serveringsverksemder avgrensa mot eit vakse publikum der kommunen meiner at staden sin karakter tilseier at brennevinsservering kan forsvarast
Generelt løyve for servering av øl og vin (opp til 22 volumprosent)	-Reiselivsverksemder som pensjonat, vertshus, mindre overnattingsverksemder o.l. -Restaurantar med annan karakter enn restaurantar spesielt for brennevinsløyve, eller retta mot eit breiare publikum enn spesifisert for brennevinsløyve, jf. p kt. 2.1 -Pubar -Stader retta mot ungdom frå 18 år og eldre -Ferjer og båtar i chartertrafikk -Ute – serveringsstader Skal ha tydeleg avgrensa og inngjerda område
Løyve til servering av vin og øl (opp til 22 volumprosent) ved <u>enkeltarrangement</u> <i>Heimla i alkohollova § 1 - 6. 2. ledd siste setning.</i> <i>Søknadsfristen er minimum 14 dagar før arrangementet finn stad .</i> <i>Det skal innhentast uttale</i>	Forsamlingslokale med blanda føremål: -Kulturhuset – avgrensa til foajeen -Kulturhuset – avgrensa til kantina til Blaoboxen -Musea -Andre offentlege forsamlingslokale, ev. kombinert bruk som t.d. ungdomshus med spesielle arrangement, men ikkje i samband med idrettsarrangement

<p><i>frå politi og sosialtenesta</i></p>	<p>-Løyve til servering av øl og vin ved enkeltarrangement skal vera i samband med særskilte arrangement . Det kan gjevast <u>inntil 4 løyve per år</u> til kvart forsamlingslokale</p>
<p>Ambulerande løyve</p> <p><i>Heimla i alkohollova § 4 - 5.</i></p> <p><i>Søknadsfristen er minimum 14 dagar før arrangementet finn stad .</i></p> <p><i>Det skal hentast inn uttale frå politi og sosialtenesta</i></p>	<p>Løyve til servering av brennevin, vin og øl som ikkje er knytt til ein bestemt person eller skjenkestad og skjenking i slutta lag.</p> <p>Det skal peikast ut ein styrar som er ansvarleg for løyvet, jf. § 1 - 7c.</p> <p>Det er ikkje øvre grense på tal ambulerande skjenkeløyve.</p> <p>Tildeling av ambulerande løyve/enkeltløyve skal ikkje kunna gjevast til stader som er unnateke for skjenking i lov, forskrift eller kommunale retningslinjer</p>
<p>Alkoholservering utan løyve</p>	<p>Privat personar som leiger/låner eit lokale kan servera alkohol utan løyve ved særskilte høve og i lukka lag – jf. alkohollova § 8 - 9 siste ledd.</p> <p>Eit slikt fritak gjeld ikkje lokal organisasjonar som leiger/låner eit lokale.</p>
<p>Ingen løyve til</p>	<p>-Stader som spesielt retta mot ungdom under 18 år.</p> <p>-Lokale/arena som vert nytta til idretts – og mosjonsaktivitetar medrekna motorsport</p> <p>-Idrettsarrangement</p> <p>-Kantiner, kafear, restaurantar og anna areal i butikksenter si ordinære opningstid, kioskar og bensinstasjonar</p> <p>-Sentrumsparkar og anna parkareal, badeanlegg og liknande i sentrum</p>

--	--

Skjenketider

SKJENKETIDER	
Konsum av skjenka alkoholhaldig drikk må opphøyra seinast 30 minuttar etter skjenketida er slutt, jf. alkohollova § 4 - 4.	
Brennevin	Søndag - torsdag til kl. 24.00 Fredag -laurdag /søndag til kl. 01.00
Vin og øl (opp til volumprosent 22) inne	Søndag – torsdag til kl. 24.00 Fredag -laurdag/søndag til kl. 02.00
Vin, øl og brennevin ute/ uteservering.	Til kl. 24.00 alle vekedagar
Utvida skjenketid	Utvida skjenketid til kl. 01.00/02.00 den 23.12, 26.12, 30.04 og 16.05. Det er ikkje naudsynt å senda søknad. Det vert ikkje gjeve løyve til utvida skjenketid ute. Utover dette skal det utøvast ei restriktiv haldning til søknader om utvida skjenketider. Tildeling kan berre skje ved spesielle arrangement, dvs. arrangement som ikkje er ei årleg hending eller oftare for den det gjeld, som t.d. jubileum.

Gebyrinntekter

Kommunen skal i følgje alkoholforskrifta fastsetje fristar for løyvehavar for innsending av oppgåve over forventa omsett mengde alkoholholdig drikk og innbetaling av gebyr. Ved utgangen av året skal bevillingshavar sende inn oppgåve over faktisk omsett mengde alkohol. Dersom det føreligg eit avvik mellom tidlegare oppgitt forventa omsetning og faktisk omsetning, kan kommunen foreta ei etterberekning og eit etteroppgjær. Dei årlege gebyra som vert kravd inn skal nyttast til kommunen si utøving av kontroll med sals -og skjenkestadane, gjennomføring av kunnskapsprøven og førebyggjande tiltak.

Kontroll av skjenke – og salsstader

Kommunen har ansvar for kontroll med utøving av kommunale sal- og skjenkeløyve, og ansvar for kvaliteten på kontrollane, og at kontrollørane får god nok opplæring. Kontrollen skal omfatte alle reglane i alkohollova, tilhøyrande forskrifter og eventuelle vilkår i løyvevedtaket.

Kontrollen skal særleg omfatte sals- og skjenketidene, aldersgrenser, og at det ikkje seljast eller skjenkast til personar som er openbart påverka av rusmidlar jf. alkoholforskrifta § 9-4. Dette er ei oppstilling av føresegner som er kjernen av alkohollova sitt føremål.

Kontroll av sals -og skjenkestader vert i Sogndal kommune gjennomført av leigde kontrollørar. Styrar, vara og kontrollør må ha dokumentert kunnskap om alkohollova og føremål gitt i medhald av den. Dette kravet er oppfylt ved bestått kunnskapsprøve som omtala i alkoholforskrifta. For å sikra god eigenkontroll i verksemdene, vil kommunen oppmoda om at fleire enn berre skjenkestyrar og vara skjenkestyrar gjennomfører kunnskapsprøven.

Dersom kontrollørane etter kontroll meiner å påvisa brot på alkohollova/kommunale retningslinjer ved sals/skjenkestader, skal kontrollør skriva ein utfyllande, detaljert rapport til kommunen.

Inndraging av sals- og skjenkeløyve

Dersom en løyvehavar ikkje overheld dei vilkåra som er gitt i løyve eller bryt alkohollova og alkoholforskrifta, skal kommunen inndra løyve for ein kortare eller lengre periode. Kommunen er forplikta til å tildele prikkar ved regelbrot. Det er alkohollova /alkoholforskrifta sine reglar om prikktildeling og inndraging av løyve som skal leggjast til grunn ved brot på alkohollova. Nærare om føresegna om prikktildeling og inndraging av løyve er å finne i alkoholforskrifta § 10-2 til § 10-6.

Rapportering

Kommunestyret skal årleg få rapport over skjenkeløyve, kontrollar, sanksjonar og omsetning.

3 Rusmiddelpolitiske mål, strategiar og tiltak

Rusproblem angår oss alle, både individuelt og som fellesskap. Sogndal kommune sine målsettingar og strategiar er ei vidareføring av det som var i dei gamle kommunane men er også med utgangspunkt i nasjonale mål og strategiar. Med bakgrunn i dette, og på grunnlag av vurderinga av rusmiddelsituasjonen lokalt kan kommunen definere mål, strategiar og tiltak.

Sogndal kommunen sine hovudmål i ruspolitikken er:

- færre innbyggjarar utviklar rusproblem
- reduksjon av det totale forbruket av alkohol
- innbyggjarar med rusproblem får bistand til å leve eit meningsfylt liv

Strategiar for å nå disse måla er:

- hovudsatsing på førebyggjande arbeid retta mot ungdom
- betre tverrfagleg innsats (BTI) spesielt mot ungdom og heilskapleg tenestetilbod til rusmisbrukarar og deira pårørande

- ha ein ansvarleg sal- og skjenkepolitikk frå sakshandsaming av løyvesaker til gjennomføring av kontrollar og oppfølging av verksemder med skjenkebevilling i samarbeid med politiet
- forsvarleg alkoholpolitikk skal innlemmast i planlegging og drift i heile kommunen
- auke kompetansen på rus, både blant tilsette i kommunen og blant innbyggjarane, spesielt ungdom
- informasjons- og haldningsskapande prosjekt over tid, der skulen vil vera den mest sentrale arena
- støtte rusfrie arenaer, miljø- og aktivitetstilbod til alle aldersgrupper
- auka livskvalitet ved rusproblem gjennom gode tenester, bustad og aktivitetstilbod
- brukarmedverknad og samarbeid med Etterverngruppa i Sogndal og andre frivillige organisasjonar

Tiltak:

- tett samarbeid mellom heim og skule. Skape innsikt og forståing for at vaksne sitt alkoholforbruk påverkar born og unge. Ansvarleggjere born/unge og foreldre gjennom haldningsskapande prosjekt
- vidareutvikle Rask psykisk helsehjelp (RPH)
- oppstart av aktivitetstilbod innanfor psykisk helse og rus
- oppstart av kartleggingsarbeid
- gjennomføre jamleg skjenkekontrollar og oppfølgingsarbeid etter kontrollar
- tett samarbeid med politiet i skjenkeløyvesaker, både under sakshandsaming og undervegs i løyveperioden
- vidare satsing på Betre tverrfagleg innsats (BTI) og Samordning av lokale rus og kriminalitetsførebyggande tiltak (SLT)
- samarbeid med vinmonopolet lokalt for å betre rutinar for avdekking av langing

4. Rullering av planen

Kommunen sin rusmiddelpolitiske handlingsplan vert rullert i samband med kvar ny kommunestyreperiode. Alkoholova 1 – 6, 1 ledd:

«Kommunale bevilling til sal av alkoholholdig drikk gruppe 2 og 3 kan gis for 4 år av gangen, og med opphør senest 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer».